



Geodataplan for Møre og Romsdal 2026-2029



Vedtatt 01.12.2025

Innhald

1. Innleiing	3
2. Nasjonale mål	4
3. Rammer	4
4. Norge digitalt og Geovekst	5
4.1 Norge digitalt-samarbeidet	5
4.2 Geovekst	6
5. Andre relevante samarbeid i fylket	6
6. Samfunnsområde	9
6.1 Samfunnssikkerheit og beredskap (SB)	9
6.2 Klima, miljø og naturforvaltning (KMN)	10
6.3 Kommune – og distriktsutvikling (KD)	11
6.4 Samferdsel (S)	12
6.5 Innovasjon og næringsutvikling (IN)	12
7. Fylkesvise hovudmål for Norge digitalt- og Geovekst -samarbeidet.	14
8. Geovekst kartleggingsplan	15

1. Innleiing

Fylkesgeodataplanen set retning for og prioriterer satsinga på arbeid med geografisk informasjon (heretter kalla geodata) i fylket. Aktivitetane i planen bidrar til gevinstar på felles nasjonale prioriteringar og lokale brukarbehov. Den handlar om tiltak dei lokale partane samarbeider om eller planlegg å samarbeide om i Møre og Romsdal.

I ei tid med aukande geopolitiske og klimatiske utfordringar blir pålitelege kartdata stadig viktigare for både sikkerheit og beredskap. Dei stadige endringane i den sikkerheitspolitiske situasjonen og klimaendringane som fører til meir ekstremvær og gjerne påfølgande naturkatastrofar, har vist kor sårbart samfunnet vårt kan være. For å kunne handtere slike utfordringar på ein effektiv måte, er vi avhengige av gode geodata. Det kan være krevjande fordi geodatainfrastrukturen er lite synleg og ofte blir tatt for gitt.

Gode geodata er avgjerande for effektiv planlegging, beredskap og krisehandtering, både for offentleg og privat sektor. Utan eit oppdatert og presist datagrunnlag er det vanskeleg bygge trygge bustadar og vegar, hjelpe naudetatane til å finne fram raskt, å sikre infrastruktur mot sabotasje, eller forstå korleis havnivået langs kysten vår utviklar seg. Offentlege etatar og privat næringsliv som skal bygge og trygge landet må ha tilgang til dei geodata dei treng for å gjere jobben sin.

Geodata er og av stor betydning for økonomien til privat næringsliv og privatpersonar. Bankane bruker geodata om eigedom og eigedomsgrenser for å vurdere sikkerheita ved bustadlån, og kommunane er avhengige av geodata for å kunne levere gode tenester til innbyggjarane.

Formålet med fylkesgeodataplanen er å bidra til

- at etablering, oppdatering, forvaltning og distribusjon av data gjerast på ein effektiv og føremålstenleg måte
- vissheit rundt status på geodata i regionen og kompetanse om kva datasett/område det er viktig å rette en ekstra innsats mot/satse på i planperioden
- å auke merksemda til geodataområdet i regionen
- auka bruk av geodata
- å skape ei brei forankring av fagområdet blant partane i samarbeidet

Informasjon om organisering og mandat av arbeidet knytt opp mot fylkesgeodataplanen finns her:

<https://www.kartverket.no/om-kartverket/fylkeskartkontorene/kartverket-more-og-romsdal/noreg-digitalt-more-og-romsdal>

2. Nasjonale mål

Nasjonale mål for geodata-samarbeida i planperioden

Geodata skal bidra til godt kunnskapsgrunnlag for effektive avgjerdsprosessar. Geodata skal være lett tilgjengelege og brukarvenlege, i tillegg til godt dokumenterte, oppdaterte og med kjent nøyaktigheit og detaljnivå.

Det fordrar tydelege rammer, standardar og tekniske løysningar for sikker og effektiv deling av data mellom forvaltningsnivåa og relevante aktørar. Staten har ansvar for å samordne og koordinere på nasjonalt nivå. Regionale og lokale aktørar må ha arbeidsprosessar, riktige verktøy, nok ressursar og kunnskap for å forvalte og bruke geografiske data i planlegging, tenester og beredskap.

Dette summerast opp i fire mål:

- 1. Geodata skal være lett tilgjengelege og brukarvennlege**
- 2. Geodata skal være oppdaterte med dokumentert nøyaktigheit og detaljnivå**
- 3. Avklarte roller for samhandling og datadeling mellom forvaltningsnivåa**
- 4. Berekraftig geodataforvaltning gjennom nasjonale fellesløysingar**

3. Rammer

I arbeidet med geodata må ein halde seg til ramane i form av lover, nasjonale strategiar og nasjonale satsingar. FNs berekraftsmål vil og kunne kome inn i enkelte prosjekt.

Dei mest relevante rammevilkåra er geodatalova, matrikkellova og plan og bygningslova.

I Møre og Romsdal er det og regionale rammevilkår fylkesgeodaplanen må knytast opp mot. Dette er fylkesplanar, økonomi, regionale strategiar og regionale satsingar frå fylkeskommune, Statsforvaltar og andre.

Oversikt over dei mest sentrale regionale rammevilkåra for Møre og Romsdal finns på heimesida til fylkeskommunen i fylkesstrategiene/fylkesplanen.

[Fylkesstrategiar og regionale planar - Møre og Romsdal fylkeskommune.](#)

Sjå også [kunnskapsgrunnlag](#) til regional planstrategi og fylkesplanen (2024-2028) og relevant statistikk om Møre og Romsdal på fylkeskommunen si [nettside](#).

4. Norge digitalt og Geovekst

4.1 Norge digitalt-samarbeidet

Offentlege etatar i Norge er forplikta til å dele geodata gjennom geodataloven. Norge digitalt er samarbeidet som er oppretta for at partane skal oppfylle si plikt til denne delinga og Geonorge.no er tenestekatalogen som blir nytta.

Elles blir det vist til informasjon om Norge digitalt på kartverket.no:


<https://www.kartverket.no/geodataarbeid/norge-digitalt>

Organisering av Norge Digitalt i Møre og Romsdal er omtala her:

[Noreg digitalt i Møre og Romsdal | Kartverket.no](#)

Møre og Romsdal er inndelt i fire regionar i samband med Noreg Digitalt arbeidet.

1. Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Ørsta og Volda
2. Ålesund, Haram, Sula, Giske, Stranda, Sykkylven og Fjord
3. Molde, Vestnes, Rauma, Aukra og Hustadvika
4. Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Sunndal, Surnadal, Smøla og Aure



Figur 1: Regioninndeling av geodataarbeidet i Møre og Romsdal, gjeldande frå 2024.

[Fylkesgeodatautvalet](#) er det øvste organet for geodatasamarbeidet i Møre og Romsdal. Utvalet skal ha medlemmer frå alle dei fire kommune-regionane, Statsforvaltaren, fylkeskommunen og dei andre lokale Geovekstpartane. Ansvar for arbeid mot handlingsplanen i nasjonal geodatastrategi ligg til

utvalet. Dei har også hovudansvaret for å utarbeide og vedta fylkesgeodataplanen. Representantane er ambassadørar for nasjonal geodatastrategi i sine organisasjonar og mot samarbeidspartar.

Fylkesgeodatautvalet har to underutval:

- [Basisgeodatautvalet for Møre og Romsdal](#)
- [Plan- og temadatautvalet for Møre og Romsdal](#)

4.2 Geovekst

Geovekst er eit økonomisk og fagleg samarbeid om kartlegging og vedlikehald av detaljerte geodata.

Deltakande partar er Kartverket, kommunane, fylkeskommunane, Statens vegvesen, NVE, Bane NOR, Fornybar Norge (på vegne av netteigarane), Telenor, og NIBIO (representert ved Statsforvaltaren si landbruksavdeling). Utover desse nasjonale partane kan det og være lokale partar som for eksempel Forsvarsbygg, Nye veier eller Avinor.


Alle kommunar, med unntak av Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger, er partar i Geovekst.

Du finn meir informasjon om Geovekst på nettsida:

<https://www.kartverket.no/geodataarbeid/geovekst>

5. Andre relevante samarbeid i fylket

IKT-samarbeid



Figur 2 IKT-samarbeid i Møre og Romsdal

IKT ORKidé

Etablert i 1997 og består av alle kommunar på Nordmøre, samt Rindal frå Trøndelag.

IKT Orkidé er eit formalisert interkommunalt samarbeid etter kommunelovas § 20-2, eit administrativt vertskommunesamarbeid med Kristiansund kommune som vertskommune.

ROR-IKT

Eit vertskommunesamarbeid i kommunane Aukra, Hustadvika, Molde, Rauma og Vestnes med hovudkontor i Molde.

ROR-IKT skal være drivkrafta for digital transformasjon i deltakarkommunane, og skal sørge for å levere stabile IKT-tenester og gode framtidsretta totalløysingar.

eKommune Sunnmøre

Kommunane Ålesund, Haram, Sula, Giske og Fjord er med i det Offentleg-Offentleg-samarbeidet «eKommune Sunnmøre».

Målet med samarbeidet er å gje kommunane gode, framtidsretta og kostnadseffektive løysingar. Samarbeidet omhandlar IKT Drift hovudsakleg levert frå Ålesund kommune og IKT og digitalisering innanfor fagområda.

Søre Sunnmøre IKT

Samarbeid om IT-relaterte oppgåver starta for alvor i 2005 for dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre. I 2013 vart SSIKT formelt oppretta og er i dag organisert som eit kommunalt oppgåvefellesskap. Vanylven kommune gjekk ut av samarbeidet frå og med 2024.

Målet med samarbeidet er at Søre Sunnmøre IKT skal legge til rette for sikre og effektive digitale tenester for tilsette og grunnskuleelevar i eigarkommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Volda og Ørsta.


Digi Møre og Romsdal

Eit samarbeid mellom kommunane og fylkeskommunen der ein saman skal jobbe for å sikre kvalitet og auka kraft i digitaliseringsarbeidet, og i den digitale transformasjonen.

Interkommunale geodatasamarbeid

Alle kommunane med unntak av Vanylven, Stranda og Sykkylven deltar i eit regionalt kommunesamarbeid om IKT. Det finst fire slike:

- eKommune Sunnmøre (Haram, Sula og Ålesund)
- Romsdalskart
- Sunnmørskart
- IKT Orkide



Figur 3: Geodatasamarbeid i Møre og Romsdal.

6. Samfunnsområde

Samordningsgruppa i Norge digitalt har definert fem samfunnsområde for kommunikasjon rundt geodata. Desse samfunnsområda er difor brukt vidare i dokumentet og til å plassere hovudmåla. Delmåla og tiltaka i handlingsplanen viser korleis aktiviteten i fylket blir knytt til hovudmåla.

Geodata er eit viktig bidrag inn i eit felles nasjonalt kunnskapsgrunnlag. Det er viktig for demokratiet at avgjerdsgrunnlaget er ope og transparent. Dei som blir påverka eller ramma av ei avgjerd skal ha tilgang til dei same oppdaterte kartdata som avgjerdstakaren.

Datagrunnlaget bidrar til å løyse samfunnsutfordringar og må utviklast i tråd med brukarbehova.

Behova innanfor fem utvalde samfunnsområde dannar bakteppet for aktivitetane i denne planen.

Mange geodata høyrer naturleg inn under fleire samfunnsområde.

6.1 Samfunnssikkerheit og beredskap (SB)

Geodata bidrar til å redde liv og å beskytte viktige verdiar i samfunnet. Det er både i styresmaktene og befolkninga sine interesse at geodata er oppdatert og tilgjengeleg. Samtidig er det viktig å ivareta føresegnene etter sikkerheitslova og sørge for eit forsvarleg sikkerheitsnivå for skjermingsverdige verdiar.

Å vite kor kritisk infrastruktur og andre objekt finns, er avgjerande for nasjonal sikkerheit og beredskap. Når ekstreme hendingar skjer, oppstår eit akutt behov for ei felles kjelde til dei same tilgjengelege og oppdaterte karta og temadataa i sanntid.

Nasjonale hovudføringar

Geodata skal styrke førebygging, krisehandtering og gjenoppretting ved uønska hendingar og naturkatastrofar. Avgjerdstakarar må ha tilgang til oppdaterte data og nødvendige ressursar for å bruke geodata i operative beredskaps- og krisesituasjonar.

Arbeid i Møre og Romsdal:

Statsforvaltaren sin [FylkesROS](#) gjev ein oversikt over risiko og sårbarheiter i fylket. Eit godt kunnskapsgrunnlag er avgjerande i arbeidet med å skaffe seg oversikt over potensiell risiko og sårbarheit, her under eit godt grunnkart og ulike kartfesta temadata. Dette er viktig i det førebyggjande beredskapsarbeidet både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Data-eigarane blir invitert til å informere om og gjennomføre webinar med søkelys på bruken av temadata som har med klimatilpassing å gjere, og som har betydning for sakshandsaming og planlegging. Fokus på korleis datasetta om geofarar kan nyttast i krisehandtering.

Eksempelvis blir FKB-Vann brukt som grunnlag for NVE sine aktsemdkart for flaumfare. Dårleg kvalitet på grunnlagsdata vil gi dårlegare kvalitet på aktsemdkarta, som igjen kan føre til ekstra arbeid til både tiltakshavarar og kommunar i form av dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik mot fare for flaum.

Gjennom Eigedomsregisteret (Matrikkelen) bidrar kommunane med oppdaterte adressedata. At det er høg kvalitet på denne informasjonen er heilt nødvendige for at alle dei operative beredskapsaktørane, som politi, brann og helse m.fl. skal finne fram på raskast moglege måte.

Auka frekvens av ekstremvêr har ført til at det utøvande skogbruket har meir fokus på tilgjengelege geodata knytt til naturfare. Det gjeld mellom anna høgdedata, dreneringslinjer og ulike aktsemds- og faresonekart.

Statsforvalteren har fått i oppgåve å fastsetje ny forskrift om vernskog. Vernskog skal m.a. beskytte mot flaum og skred. Landbruksdirektoratet arbeider med eit nytt kartlag som definerer skog som kan ha betydning for naturfare.

6.2 Klima, miljø og naturforvaltning (KMN)

Geodata er ein nøkkel til klimatilpassing og berekraftige lokalsamfunn. For å møte klimaendringane og skape eit robust og klimarobust samfunn, er det avgjerande å ha effektiv tilgang til oppdaterte og pålitelege geodata. Med ei betre forståing for kor og korleis klimaendringar påverkar samfunnet, står vi sterkare rusta til å planlegge, forebygge og iverksette nødvendige tiltak.

Geodata spelar ei sentral rolle i naturforvaltning og er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget på tvers av fagområde. Det gir oss oversikt over naturverdiar, arealbruk og endringar i landskapet over tid. Slike data er spesielt viktige i arbeidet med å bevare økosystem som myr, som har ein nøkkelfunksjon i karbonlagring, flaumdemping og biologisk mangfald. Bevaring av myr er derfor ikkje berre eit klimatiltak, men også eit bidrag til naturmangfald og økosystemtenester.

Klimatilpassing handlar i stor grad om å forstå risikoen for naturfarar som flaum, ras og havnivåstigning, og å integrere denne kunnskapen i arealplanlegging og beredskap. Geodata gir eit heilskapleg bilde av sårbarheit og fareområde, og bidrar til å identifisere kva tiltak som er nødvendige for å redusere konsekvensar av ekstremvêr og langvarige klimaendringar.

Ved å bruke geodata aktivt kan vi utvikle løysingar som både tek i vare naturverdiar og styrkar samfunnet si motstandskraft. Dette gir oss høve til å balansere utvikling med bevaring – og sikrar ei meir berekraftig og klimarobust framtid.

Nasjonale hovudføringer

Geodata skal gi eit solid kunnskapsgrunnlag for heilskapleg naturforvaltning, overvaking og målretta klimatiltak.

Arbeid i Møre og Romsdal:

Kommunane si arealforvaltning etter plan- og bygningslova er det viktigaste rammeverket for å oppnå ei berekraftig utvikling innanfor samfunnsområdet «klima, miljø og naturforvaltning». Oppdaterte geodata er ein føresetnad for plan- og byggesaksarbeid. Ajourføring av basis kartdata (FKB), heildigitale plandatabasar og hyppige ortofoto-omløp er difor viktige fokusområde for geodaplanen. Fylket må ruste seg for overføring av ansvaret for distribusjon av plan-vektordata til Direktoratet for byggkvalitet.

Arealforvaltninga er også avhengig av tilgang til nasjonale og lokale temadata. Ulike innsynsløysingar er avhengige av tilgang gjennom Geonorge, og fylket ser eit stort potensiale for å auke tilrettelegging av lokale temadata.

Kommunane har viktige oppgåver i skog- og utmarksforvaltninga. Auka temperatur og mindre beiting har ført til meir skog opp mot fjellet og ut mot kysten. Det aktualiserer behov for oppdaterte geodata for å ivareta natur- og miljøverdiar i skogbruket er oppdaterte kartlag avgjerande.

For alle innsatsområda er kompetanse ein nøkkel for tilstrekkeleg gjennomføring og kvalitet. Kompetanseheving, erfaringsoverføring og auka samarbeid er difor sentralt for geodataarbeidet i fylket.

Det er også utarbeidd ein eigen klimarapport for fylket vårt:

[Klimaprofil Møre og Romsdal - Norsk klimaservicesenter](#)

6.3 Kommune – og distriktsutvikling (KD)

Oppdaterte geodata er avgjerande for at kommunane skal kunne oppfylle lovkrav og reglar, samt sikre innbygarane sine rettigheter. Geodata er eit viktig grunnlag i arbeidet med kommuneplanar, reguleringsplanar, byggesaker, konsekvensutredningar og risiko- og sårbarheitsanalysar. Særleg blir detaljerte kartgrunnlag, eigedomsinformasjon, flybilete og offentlege geodata nytta til slike formål.

Kommunane haustar store gevinstar, oppfyller lover og reglar, og sikrar innbygarane sine rettigheter og plikter ved å nytte seg av geografisk informasjon.

Kommunane har eit stort ansvar innanfor forvaltning og handheving av lover og reglar. I mange tilfelle vil utøvinga av desse bli understøtta av geodata. Oppdaterte geodata bidrar til å sikre både innbygarane sine rettigheter og plikter, samt styresmaktene sine krav i ulike prosesser.

Kommuneplan, reguleringsplan, byggesak, konsekvensutgreiingar, og risiko- og sårbarheitsanalysar er velkjente område kor geodata blir nytta. Innafor vatn og avløp, eigedomsdrift og infrastrukturdrift er det også naturleg at geodata blir nytta. At brann og redning, heimetenesta og undervisning også treng geodata, t.d. adresse- og befolkningsdata, har det kanskje ikkje vore like sterkt fokus på.

Stadig fleire nye fagområde tar i bruk og nyttar geodata i sitt virke. Bruken av oppdaterte og tilgjengelege geodata, eit felles kunnskapsgrunnlag, gir grunnlag for gode avgjerder som sikrar både innbyggjarar og kommunar i alle prosesser.

Oppdaterte geodata er avgjerande for å sikre god distriktsutvikling og målretta offentleg innsats. Geografisk informasjon gir eit solid avgjerdsgrunnlag for kommunar, fylkeskommunar og statlege aktørar som arbeider med utvikling i distrikta. Når ein skal vurdere busetting, næringsutvikling, transport, naturressursar og infrastruktur, er det heilt nødvendig å ha tilgang til kvalitetssikra og oppdaterte geodata.

Nasjonale hovudføringer

Geodata skal understøtte berekraftig samfunns- og arealplanlegging, god tenesteyting og styrka avgjerdsstøtte i kommunane. Kommunane skal sørge for kompetanse, kapasitet og ressursar til lokal dataforvaltning.

Arbeid i Møre og Romsdal:

I Møre og Romsdal blir det arbeidd kontinuerleg med å utvikle og å gjere tilgjengeleg eit solid kunnskapsgrunnlag basert på geodata, for å støtte kommunane i fylket i deira planarbeid. Gjennom høg kvalitet på geodata bidrar partane i Norge Digitalt til at kommunane kan ta kunnskapsbaserte og berekraftige val i si areal- og samfunnsplanlegging.

Eit sentralt verktøy i dette arbeidet er fylkeskommunen sitt årlege arealregnskap, som gir kommunane oversikt over utbygd areal og planreserve. Dette gir eit viktig grunnlag for vurderingar knytte til arealbruk, og kan nyttast i arbeidet med kommuneplanar, planrevisjonar og planvask.

I tillegg har fylkeskommunen utarbeida ei bustadbehovsanalyse for alle kommunar i fylket. Analysen gir et heilskapleg bilete av forventta bustadbehov og kan nyttast som støtte i strategisk bustadplanlegging og utvikling av bustadpolitikk.

Eit godt og oppdatert kartgrunnlag er avgjerande for å møte dei utfordringane kommunane står overfor i planarbeidet. Fylkeskommunen, Statsforvaltaren og Kartverket vil difor halde fram med å styrke samarbeidet med kommunane og andre aktørar for å sikre relevant og tilgjengeleg geodata som grunnlag for framtidsretta planlegging.

6.4 Samferdsel (S)

Nøyaktige og oppdaterte geodata er avgjerande for utvikling av veg og jernbane, til sjøs og i lufta. Nøyaktig informasjon om terreng, høgd, djupe, luftfartshinder og risikoområde gjer det mogleg å planlegge utbygging og samtidig forebygge ulykker, og å handtere naturhendingar som skred og flaum.

Verdien av å finne fram er lett å sjå, sett frå blålysetatane sitt perspektiv, men like viktig er verdien for innbyggjarar og transportørar som og ønsker å optimalisere transporten.

Nasjonale hovudføringer

Geodata skal bidra til planlegging, bygging, forvaltning, drift og vedlikehald av trygg og berekraftig infrastruktur – som transport, straum, elektronisk kommunikasjon og vatn og avløp som sikrar busetjing og næringsutvikling i landet.

Arbeid i Møre og Romsdal

Ansaret for kontinuerleg ajourføring av vegdata i Møre og Romsdal er delt mellom kommunane (kommunale og private vegar), fylkeskommunen (fylkeskommunale vegar) og Statens vegvesen (riks- og Europa-vegar). Den nye vegdata- og trafikkinformasjonsforskrifta, som trådte i kraft 1. april 2025, stiller tydelege krav til fylkeskommunane om å forvalte og dele informasjon om fylkesvegnettet på ein strukturert og digitalt tilgjengeleg måte. Dette inkluderer data om vegnett, tilstand, objekt, hendingar og trafikkinformasjon.

Fylket sin geodataplan er eit sentralt verktøy for å sikre at desse krava blir følgt opp på ein koordinert og effektiv måte. Planen fungerer som ei regional forankring av den nasjonale geodatastrategien, og legg til rette for samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunane, Statens vegvesen, Kartverket og andre aktørar.

Gjennom geodataplanens handlingsplan prioriterer ein tiltak som:

- Kvalitetssikring og ajourføring av vegdata i NVDB.
- Tilrettelegging for deling og gjenbruk av vegrelaterte geodata.
- Støtte til kommunane i deira roller som dataleverandørar og brukarar.
- Samordning av beredskapsdata og infrastrukturkartlegging.

6.5 Innovasjon og næringsutvikling (IN)

Geografiske data bidrar nasjonalt til ei samla verdiskaping for privat næringsliv som er estimert til 13 milliardar kroner årleg ifølgje ein rapport Menon Economics utarbeidd for Kartverket i 2023. Bransjen har betydelege høve til å utvikle nye innovative brukarløysingar og forretningar der geodata er ein viktig komponent.

Det offentlege Norge har ei stor mengde geodata som blir forvalta og delt frå nasjonale fellesløysingar for vidare bruk og innovasjon i næringslivet. Å omarbeide eller kople offentlege data med data frå private kjelder, kan bidra til betre tenester, ny innsikt og andre verdiskapande aktivitetar og produkt. For offentleg sektor er det avgjerande med eit godt samspel og god samhandling med privat næringsliv for å lage samfunnsnyttige løysingar som Norge treng. Privat næringsliv skaper verdiar gjennom innsamling, forvaltning og formidling av geografiske data. Dei aukar verdien av og utviklar produkt og tenester som har ein klar knytning til eller bygger direkte på dei geodata dei brukar.

Eit ledd i innovasjon og næringsutvikling er forskning og utvikling. Å stille gode data til rådighet i forskning og utvikling bidrar til auka verdiskaping både i offentleg og privat sektor. Akademia er ei viktig kjelde til nyskaping og innovasjon.

Nasjonale hovudføringer

Geodata skal stimulere innovasjon og verdiskaping gjennom effektiv tilgang til data og einskapelege løysningar, slik at ein legg til rette for nye tenester og datadrivne produkt. Det må sikrast at forvaltninga har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse slik at data er tilgjengeleg for næringslivet.

Arbeid i Møre og Romsdal:

Bruk av geodata kan vere ein viktig ressurs for innovasjon og næringsutvikling i Møre og Romsdal. Ved å kombinere geografisk informasjon med statistiske og sosiale data, kan ein få innsikt i regionale mønster, ressursar og potensial for vekst. Dette gjer det mogleg å identifisere gode område for etablering av ny verksemd, planlegging av infrastruktur og utvikling av berekraftige lokalsamfunn. Geodata kan òg støtte opp om smart arealbruk, betre beredskap og meir målretta offentlege investeringar. For næringslivet kan tilgang til slike data gi konkurransefortrinn gjennom betre marknadsanalyse og logistikkplanlegging. I tillegg kan geodata stimulere til samarbeid mellom offentlege og private aktørar, og bidra til meir kunnskapsbasert utvikling i regionen.

Det kan også visast til [Fylkesstrategi for forskning og innovasjon](#), som prioriterer grøn omstilling og berekraftig samfunnsutvikling.

7. Fylkesvise hovudmål for Norge digitalt- og Geovekst - samarbeidet.

NR	Hovudmål	Samfunnsområde				
		SB	KN	KD	S	IN
1	Partane sitt behov for FKB-data blir dekket	x	x	x	x	x
2	Partane sitt behov for ortofoto blir dekket	x	x	x	x	x
3	Partane sitt behov for høgdedata blir dekket	x	x	x	x	x
4	Eigedomsregisteret (Matrikkelen) har tilstrekkeleg datakvalitet og fullstendighet	x		x	x	
5	Eit komplett planregister skal vere tilgjengeleg i digital form		x	x	x	x
6	Partane har eit bevisst forhold til naudsynte temadata	x	x	x	x	x
7	Partane har naudsynt geodata-kompetanse	x	x	x	x	

Meir utfyllande informasjon om dei enkelte måla:

1. **FKB-data** står for Felles kartdatabase. Dette er dei mest detaljerte kartdata vi har og til saman utgjer dei sjølve grunnkartet over Møre og Romsdal. Det dreier seg om datasetta arealressursar (AR5), arealbruk, bane, bygningsmessige anlegg, bygning, høgdekurve, leidning, lufthamn, naturinformasjon, tiltak, servitutt, traktorveg/sti, vatn, veg og vegnett. FKB-data blir reviderte kvart fjerde år gjennom geovekst-kartleggingsprosjekt (sjå kap 8) I periodane mellom desse prosjekta skjer ajourføringa av FKB-data gjennom aktiviteten til partane i Norge Digitalt, dette er regulert gjennom FDV-avtalar med kvar enkelt part. Datasetta er lagra i ein sentral felles base som kommunane har direkte tilgang til å gjere endringar i. Andre partar har oppdaterings-tilgang til eit meir avgrensa utval av datasett. Kartverket har eit overordna ansvar på å følgje opp vedlikehalds-arbeidet, og å sørge for at FKB-data er lett tilgjengelege på ulike format.
2. **Ortofoto** er målestokk-rette flybilete. Slike vert laga i samband med geovekst-prosjekta kvart fjerde år (oppløysing 10 cm) eller gjennom nasjonalt program for omløpsfotografering (oppløysing 25 cm). Det finst også eit stort arkiv over historiske ortofoto som ein er i gang med å få digitaliserte. Ortofoto utgjer nyttig bakgrunnsinformasjon for forskning, planlegging og ei rekke andre forvaltningsrelaterte oppgåver. Alle ortofoto som er blitt digitaliserte er tilgjengelege på nettstaden [Norge i bilder](#)
3. **Høgdedata** er i hovudsak basert på laserskanningar av terrenget utført frå fly. Det er etablert ein nasjonal detaljert høgdemodell (NDH) for heile landet, tilgjengeleg for alle gjennom nettsida [Høydedata](#) Laserdata etablert gjennom Geovekst-prosjekt skal oppdatere høgdemodellen. Partane skal gjennom geodataplanlegginga vurdere kva område som skal laserskannast på nytt for å forbetre kvaliteten til den nasjonale høgdemodellen (betre oppløysing, nyare data etc.). Høgdekurver skal bli avleia frå NDH/høgdedata.
4. **Eigedomsregisteret** (til no kjent som Matrikkelen) er den nasjonale databasen over grunneigedommar, adresser og bygningar. Eit påliteleg og oppdatert system for registrering og forvaltning av denne informasjonen er ein grunnleggande føresetnad for ei rekke samfunnsoppgåver. Det er kommunane som har ansvar for å utføre oppmålingsforretningar og føre matrikkelen i eigen kommune. Kartverket skal vere ein pådrivar og som sentral matrikkelstyresmakt skal Kartverket sørge for ordning, drift og forvaltning av matrikkelen. Det er ein god del manglar i det som er registrert i matrikkelen pr i dag, og det må difor

arbeidast kontinuerleg med kvalitetsheving av informasjonen. [Datakvalitetsstrategi | Kartverket.no](#) Det er no også igangsett eit prøveprosjekt med eigenregistrering i enkelte kommunar [Egenregistrering | Kartverket.no](#)

5. **Planregister:** For at Norge digitalt-partar skal kunne gjera sitt arbeid på ein effektiv og kvalitetssikker måte, har dei behov for effektiv og robust tilgang til oppdaterte digitale plandata med god kvalitet. Dette gjeld for alle planstatusar og frå flest mogleg kommunar. Geodatalova og Plan- og bygningslova (pbl) med forskrifter stiller mellom anna krav til etablering, forvaltning og tilgjengeleggjing av plandata, dessutan at kommunar skal levere årsversjonar av spesifiserte datasett i planregisteret til Kartverket. I kommunane finst det enno mange gjeldande plandokument som ikkje er tilgjengelege i digital form.
6. **Temadata** er informasjon om ulike fagområde, slik som naturressursar, befolkning, miljøtilstand og kulturminne. Temadata blir forvalta av ulike etatar, og er avgjerande for å løyse viktige samfunnsoppgåver knytt til miljø, klima, risiko og beredskap, planlegging og forvaltning. Temakart blir brukt til å formidle informasjon i plansaker, friluftsportaler og innan ulike sektorar. Gjennom [Det offentlige kartgrunnlaget | Kartverket.no](#) (DOK) vel kommunane sjølve ut kva temadatasett dei vil prioritere å bruke Det er viktig å kvalitetssikre det utvalet som blir gjort her, slik at sentrale lovpålagte vedtak om vern og liknande ikkje blir usynlege i den lokale forvaltninga.
7. **Kompetanse:** Ein viktig suksessfaktor for Noreg digitalt er at deltakande partar har tilstrekkeleg kompetanse til å utnytte potensialet i å vere ein del av samarbeidet. Geodata som fagfelt er i stadig utvikling, og det er difor behov for påfyll av fagkompetanse med jamne mellomrom. Gjennom samarbeidet blir det tilbydd ei rekke opplæringstiltak i form av fagdagar, nettkurs, opplæringsvideoar og informasjonsmøte.

8. Geovekst kartleggingsplan

Gjennom Geovekst sørgjer partane i samarbeidet for at nødvendige grunndata er tilgjengelege og blir haldne oppdaterte.


Dette blir gjort gjennom:

- Konstruksjon av FKB-data
- Flyfotografering og produksjon av ortofoto
- Omløpsfotografering
- Laserskanning

For grunnkartet deler vi inn alt areal i fire nivå, FKB-A/B/C/D. A er dei aller mest detaljerte kartdata som vi typisk finn i bysentrumsområde, B er område med det meste av busetnad og infrastruktur, medan C og D er lite utbygde areal, utmark og høgfjellsområde. Høgdegrunnlaget er etablert gjennom laserskanning, noko som gjev oss ei punktsky og høgdekurver som eit avleidd produkt frå punktskyen.

I Møre og Romsdal har Fylkesgeodatautvalet vedteke ein kartleggingsplan der både grunnkartet og høgdegrunnlaget i dei områda der det meste av busetnad og infrastruktur finst, følgjer ein fastsett fireårig rullering (sjå Figur 4: Fireårig rullering av dei fire regionane.). Denne fireårige rulleringa gjeld for FKB-A/B. I desse prosjekta blir landmålingsarbeid, flyfotografering, ortofotoproduksjon og konstruksjon av kartdata bestilt frå eksterne leverandørar. Flybileta blir forvalta i Sentralt flybildearkiv, ortofoto er tilgjengeleg gjennom «Norge i bilder», og sjølve kartdatasetta i den felles forvalta basen Sentral FKB.

Ajourføring av høgdegrunnlaget gjennom laserskanningsprosjekt, er kopla til den same fireårige rulleringa som for FKB-A/B. Høgdekurvene generert frå punktsky blir forvalta i Sentral FKB, medan sjølv punktsky er tilgjengeleg i [Høydedata.no](https://hoydedata.no). I høydedata.no kan ein òg finne terrengmodell og overflatemodell basert på punktsky.



Figur 4: Fireårig rullering av dei fire regionane.

For det vi har definert som FKB-C/D-område lyser ikkje Geovekst i regionen ut eigne flyoppdrag for å skaffe naudsynt biletmateriale. I staden deltek vi i det nasjonale programmet for omløpsfotografering, som har eit omløp på 5–8 år. Desse bileta blir så brukte som grunnlag for ajourhald av data, både periodisk ajourhald av AR5 gjennom NIBIO, men òg for konstruksjon av FKB-data. I vårt fylke er det gjennomført eit prosjekt i den nordlege delen av fylket basert på 2022-fotograferinga, og eit tilsvarande prosjekt er planlagt basert på 2025-fotograferinga for resten av fylket.

Produksjon av historiske ortofoto fell ikkje inn under den ordinære prosjektporteføljen for Geovekst-samarbeidet. Dette er likevel bilete som har stor verdi for partane som kunnskapsgrunnlag. Vi har difor gjennomført fleire prosjekt der vi får digitalisert analoge flybilete og produsert ortofoto av desse. Ortofoto produsert frå historiske flybilete finst i [Norge i bilder](https://norgebilder.no). Partane har uttrykt ønskje om å halde fram med dette arbeidet.